

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 03.03.2017
Vår ref.: 2017/2348-1
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»
Likelydande brev til eigarane og Bergen kommune

Kong Oscars gate 70, Bergen kommune. Fredingsforslag til høyring og offentleg ettersyn

I medhald av lov om kulturminne § 15 jf. § 22 har Hordaland fylkeskommune utarbeidd eit forslag til freding av Kong Oscars gate 70 i Bergen. Fredingsforslaget vert med dette sendt på høyring til partane i saka. Forslaget vert òg lagt ut til offentleg ettersyn på Hordaland fylkeskommunes nettsider <http://www.hordaland.no/nn-NO/politikk/du-kan-paverke/hoyringar-og-offentleg-ettersyn/> og i Bergen kommune. Dette vert kunngjort i avisene Bergens Tidende, Bergensavisen og Norsk lysingsblad.

Den vidare saksgangen er at fredingsforslaget vert lagt fram for Bergen bystyre, saman med merknadene frå den offentlege høyringa og fylkeskommunens kommentarar til desse. Etter handsaminga i bystyret gjer fylkeskommunen eventuelle endringar i fredingsforslaget på bakgrunn av høyringsinnspela. Saka vert så oversendt Riksantikvaren, som fattar det endelege vedtaket om freding.

Vi ber om at eventuelle merknader til fredingsforslaget vert merka med saksnr. 2017/2348 og sendt innan seks veker frå dette brevet er motteke til Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen, eller på e-post til hfk@hfk.no.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Erlend Hofstad
fungerande fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
RIKSANTIKVAREN

Vedlegg

- 1 Kong Oscars gate 70. Fredingsforslag
- 2 Kong Oscars gate 70. Kulturminnedokumentasjon